

Radiograf i Lærdal

TEKST: KATHRINE SØRAA KILEN,
REBEKKA GRANDE LOEN OG
MONICA UTNE

Me vil retta ei stor takk til Flekkefjord for den hyggelege invitasjonen til å fortelje om arbeidsplassen vår i Hold Pusten. For oss er dette ei flott moglegheit til å løfte fram arbeidet me gjer her i Lærdal, og til å synleggjere ei avdeling som mange kanskje ikkje kjenner så godt til. Difor er det ekstra kjekt å få dele kven me er, kva me står for, og korleis me bidreg til helsetenesta i regionen.

Eit lite sjukehus i storslått natur

Lærdal er ei lita bygd som ligg vakkert til innerst i Sognefjorden. Namnet tyder «elv

som renn gjennom beiteland», noko som treff godt, for her har jordbruk, beitedyr og dyrking av frukt og grønsaker vore ein naturleg del av livet i generasjonar. Det tørre og milde klimaet gir særskilt gode vekstvilkår, og mange i bygda held fram dei stolte tradisjonane innan landbruket. En kuriositet: Lærdal er den største leverandøren av moreller i Noreg.

Lærdal og resten av Sogn er eit eldorado for alle som trivst ute i naturen. Her finst eit hav av moglegheiter for friluftsintererte, uansett om du likar bratte fjell, luftige utsiktspunkt, brusande fossar, elver, eller den mektige fjorden.

Her har du storslått natur rett utanfor stovedøra. Du kan starte dagen med ein roleg tur langs elva, ta ein ettermiddagstur til ein fjelltopp, eller ein spontan padletur

på fjorden når veret spelar på lag. Om vinteren ventar skiløyper og kvite vidder, og resten av året finn du alt frå familievenlege turløyper til krevjande fjellruter for dei som vil ha litt puls.

Naturen er ikkje berre nær, han er ein del av kvardagen. Det er kort veg frå jobb til stilla i skogen, frå møterom til morenerygger, frå bilparkering til panoramautsikt. For mange er det nettopp kombinasjonen av små forhold og store naturopplevingar som gjer Lærdal til ein heilt spesiell stad å jobbe og bu.

Midt i dette landskapet ligg Lærdal sjukehus. Sjukehuset er lite i storleik, men av stor betydning, både for oss som arbeidar her, og for innbyggjarane. Me er lokalsjukehuset for seks kommunar i Indre Sogn, med eit samla

«Min arbeidsplass» er en stafett der radiologiske avdelinger og virksomheter presenterer seg selv, og deretter utfordrer neste. Denne gang kan du lese om radiografene som arbeider ved **Lærdal sjukehus**.



Bak frå venstre: Fredrik Fägersten (radiolog), Marianne Rinde Melheim (radiolog), Monica Utne (radiograf). Framme frå venstre: Nikolina Galic (radiograf) og Rebekka Grande Loen (fagradiograf).

befolkningsgrunnlag på om lag 32 000 menneske.

Sjukehuset slik det står i dag, vart bygt i 1930, som eit resultat av ein omfattande innsamlingsaksjon der overlege Rolf I. Christophersen stod i spissen. Med stort lokalt engasjement, dugnadsånd og støtte frå både private og offentlege aktørar vart Lærdal sitt eige sjukehus ein realitet, eit moderne bygg for si tid.

Sidan opninga i 1930 har drifta ved sjukehuset endra seg i takt med utviklinga i helsevesenet. Nokre oppgåver og funksjonar er blitt bygde ned eller flytta til andre sjukehus, medan nye arbeidsområde og moderne behandlingstilbod har kome til. Sjukehuset har gjennom heile historia tilpassa seg nye behov, ny teknologi og endra pasientgrunnlag, samstundes som det framleis har ei viktig rolle for innbyggjarane i Indre Sogn.



Løytnantsbryggja i Lærdal sentrum.
FOTO: ROY HELGE ÅBERG

Lærdal sjukehus står i dag som eit symbol på lokal innsatsvilje, engasjement, og fagleg utvikling, eit sjukehus som både har forma bygda, og fortsett blir forma av ho.

Lærdal sjukehus, eit av tre sjukehus i Helse Førde

Lærdal Sjukehus er eitt av dei tre sjukehusa som i dag utgjer Helse Førde HF. Dei to andre er Førde sentralsjukehus og Nordfjordeid sjukehus. Til saman seier me gjerne at me er eit sjukehus med tre inngangar – tre einingar som utfyller kvarandre og gir eit samla, robust tilbod til befolkninga i gamle Sogn og Fjordane.

Lærdal sjukehus har fleire sentrale einingar:

- Indremedisinsk sengepost
- Ortopedisk sengepost
- God Start barsel
- Laboratorium/ blodbank
- Radiologisk avdeling
- Infusjons-poliklinikk, dialyseavdeling, øyre-nase-hals-poliklinikk, skadepoliklinikk, ortopedisk poliklinikk, og hud poliklinikk med meir
- Diabeteskurs og artroseskule for pasientar

Sjukehuset har ei lang historie innan ortopedi, der den elektive verksemda gjennom mange tiår har vore både fagleg sterk og breitt anerkjent. Ortoped Truls Jellestad starta opp ortopediklinikken i 2005. Sidan dess har Lærdal opparbeida seg eit godt renommé innan hoftekirurgi, og då særleg knekirurgi. Den ortopediske verksemda har vore ei berejmelje for sjukehuset og er framleis ein sentral del av behandlingstilbodet.

Som lokalsjukehus med akuttfunksjon tek me imot slagpasientar, og pasientar med akutte medisinske tilstandar. Me har derimot ikkje traumefunksjon, og alvorlege traumepasientar blir sende vidare til Førde, Voss eller Haukeland, avhengig av skadeomfang og behov for spesialisert behandling.

Eit sjukehus i omstilling:

Akkurat no står me i ei utfordrande tid, med krav om store økonomiske innsparingar. Som eit resultat av dette ligg det no føre forslag om å leggja ned all ortopedisk aktivitet, og redusera barseltilbodet ved sjukehuset. Dersom desse forslaga blir vedtekne, kan rundt 50 arbeidsplassar forsvinna. For sjukehuset, bygda og heile lokalsamfunnet vil dette få omfattande og langvarige konsekvensar.



Frå venstre: Helene Walseth Isaksen (radiograf), Anna Maria Thanh-Binh Pham (radiograf), Cathrine Erstad (student), Nikolina Galic (radiograf) og Monica Utne (radiograf).

Lærdal sjukehus er den største arbeidsplassen i ei bygd som allereie har utfordringar med å tiltrekke seg nye innbyggjarar. Sjukehuset er viktig både for lokalt arbeidsliv, og for at familiar skal velje å busette seg i området. Eit velfungerande helsetilbod gir tryggleik, stabilitet og grunnlag for vidare utvikling i bygda.

Dersom tenestetilbodet blir redusert, får det store konsekvensar. Beredskapen blir svekka, og innbyggjarane må reise lenger for å få hjelp. Samstundes vil

færre arbeidsplassar og mindre fagmiljø gjere rekruttering av helsepersonell og fastlegar endå vanskelegare. Slik påverkar endringar ved sjukehuset også andre deler av lokalsamfunnet, frå næringsliv til skule og barnehage, og gjer det tyngre å behalde både kompetanse og tilflytting på sikt.

Kort sagt: Nedlegging av ortopedi og svekking av barsel er ikkje berre eit fagleg val, det er eit grep som påverkar heile samfunnsstrukturen i Lærdal.

Vår avdeling

Avdelinga vår består av sju faste radiografar, to tilkallingsvikarar, tre sekretærar, og ein radiolog i stafett.

Radiografane hjå oss er dagarbeidarar med beredskapsvakt. Med seks personar i turnus betyr det at kvar av oss har éi heimevakt ein gong i veka, og jobbar kvar sjetten helg. Den som har vakt, er den einaste radiografen på jobb, og dette gjer at ein raskt blir trygg på å ta ansvar, og jobbe sjølvstendig. I avdelinga har me fagradiograf på CT og konvensjonell røntgen, superbrukare i PACS/RIS og verneombod. Elles samhandlar me godt på tvers av lokasjonane når det gjeld protokollar og rutinar.

Me har ordinær drift alle kvardagar frå klokka 08.00 til 15.00. Radiografen som har vakt, har aktiv tid på sjukehuset fram til klokka 17.00, og går deretter over i heimevakt. Aktiviteten etter klokka 17.00 varierer mykje, men stort sett er det roleg. Den radiografen som har helgevakt, går på vakt frå fredag klokka 09.30 til måndag klokka 08.00 og fortsett med vanleg dagvakt. På sommaren er det generelt ganske mykje å gjere på vakt. Då kjem turistane frå heile verda, og skal nyte den fine naturen og fjellheimen (ikkje alle er like gode på sykkel).

Når det gjeld radiologar, har me ingen fast tilsette ved avdelinga, men me har det som blir kalla ein radiologstafett. Vanlegvis har me radiolog hos oss kvar

veke gjennom heile året. Kvar og ein er her i ei til to veker om gongen for neste tek over. Sjølv om ingen er fast tilsett, har me fleire faste vikarar som kjem attende år etter år.

Radiologane som kjem til oss, jobbar til vanleg ved andre sjukehus, men gjennom tett samarbeid over tid har me blitt godt kjende med kvarandre. Dette gjer kommunikasjonen enkel, og det faglege samarbeidet effektivt.

«For mange er det nettopp kombinasjonen av små forhold og store natur-opplevingar som gjer Lærdal til ein heilt spesiell stad å jobbe og bu.»

I dei vekene eller helgane me ikkje har radiolog fysisk til stades, er det eitt av dei andre sjukehusa i føretaket som tek radiologvakta for oss. Samarbeidet på tvers av lokasjonane fungerer svært godt, og sikrar at me alltid har tilgang til radiologfagleg støtte når me treng det.

Me må heller ikkje gløyme sekretærene våre. Dei gjer arbeidskvardagen vår både enklare og meir oversiktleg. Heile dagen held dei styr på timebøker, pasientlister og oppsett på labane, slik at me kan konsentrere oss om det faglege. Innsatsen deira er heilt avgjerande for at drifta skal flyte godt.

I avdelinga har me MR, CT, UL, konvensjonelle røntgenapparat og mobilt røntgen.

- Phillips Ingenia 1.5 T MR
- Siemens Definition 64 slice CT
- Siemens Multitom RAX skjelettlab med gjennomlysning
- Opera Swing gjennomlysningslab
- Phillips Epiq Elite ultralyd
- Mobilt røntgenapparat frå Shimadzu

Me utfører alle typar konvensjonelle røntgenundersøkingar ved avdelinga, både akutte og elektive. Ein stor del av pasientgrunnlaget på den konvensjonelle delen kjem frå ortopedisk avdeling. Dette omfattar utgreiingar, preoperative og postoperative bilete, samt kontrollar etter operasjonar og ulike skadar. På grunn av den elektive ortopediske verksemda, og størrelsen på sjukehuset er det eit tett og godt samarbeid mellom radiolog, ortoped og radiograf. Sjølv meiner me at me er kjempegode på røntgen av kne.



Bak frå venstre: Rannveig Frydenlund (sekretær), Kathrine Søraa Kilen (seksjonsleiar), Robin Sørøng (radiograf) og Harald Hunderi (radiograf). Foran frå venstre: Anna Maria Thanh-Binh Pham (radiograf), Rebekka Grande Loen (fag-radiograf)

Når det gjeld CT, utfører me alle generelle undersøkingar. Mykje av aktiviteten er knytt til utredningar, kontrollar, responsevurderingar, og inneliggjande pasientar. Elles gjer me akutte undersøkingar innan fagfelte nevro, ortopedi, GI tractus, urologi, og kar/thorax. Spesialundersøkingar som CT av hjartet, CT colon og CT-veiledda intervensjonar gjer me derimot ikkje.

Hausten 2018 fekk avdelinga endeleg si første MR-maskin, noko som var eit stort fagleg løft for oss. Dette vart mogleg gjennom ein imponerende lokal innsats frå innbyggjarane i Lærdal og omland. Helse Førde finansierte sjølve bygget, medan lokalsamfunna sørga for midlane til maskina.

MR-maskina, ein Philips 1,5T, er i full drift alle kvardagar. Her utfører me eit breitt spekter av generelle undersøkingar innan nevro, onkologi og muskel- og skjelettdiagnostikk. Dette gjer at mange pasientar kan få nødvendig utgreiing lokalt, utan å måtte reise lange distansar

til anna sjukehus. Bileta reiser derimot langt då MR-radiologen vår jobbar teleradiologisk frå hovudstaden, men han gjer seg lett tilgjengeleg på både chat og telefon. Han jobbar fast i Helse Førde.

Radiografar på dialektkurs, humor og arbeidsmiljø

Radiografane hjå oss kjem med ulike erfaring, ulike dialektar og ulike historiar, og nettopp dette mangfaldet gjer kvardagen både rik og utviklande. Det sosiale fellesskapet står sterkt – her er det plass til både latter, læring, fagleg nysgjerrigheit og gode samtalar. Me er ei avdeling der humor og høg fagleg kvalitet går naturleg saman, og pasienten alltid er i sentrum.

At me kjem frå forskjellige miljø og faglege bakgrunnar, meiner me gjer oss betre saman. Me har lært ulike metodar, har ulike erfaringar og ulike blikk på same problem. Når desse perspektiva blir delte i kvardagen, finn me ofte betre løysingar, lærer av kvarandre og blir tryggare i faget.



Fasade Lærdal sjukehus.
FOTO: IVAR HUSDAL

Dette meiner me er ein styrke for ei lita avdeling som me tross alt er.

Dialektane og bakgrunnane våre gjer også at me må kommunisere tydeleg og aktivt – noko som styrkjer samarbeidet i avdelinga. Og ikkje minst: Det gjer arbeidsmiljøet meir levande og morosamt i kvardagen.

Dialektane våre bidreg ikkje berre til mangfald, dei sørgjer òg for ein jamn straum av humor, forvirring og små språklege utfordringar i kvardagen. For oss som kjem utanfrå Indre Sogn, kan første møtet med lokale ord og vendingar føre til stor forvirring.

Pasientane som kjem til radiologisk avdeling har dei same plagene som alle andre – det er berre måten dei blir presenterte på, som gjer dagen vår litt ekstra spennande. Som dei pliktoppfyllande radiografane me er, sjekkar me alltid at tilvisinga stemmer med pasienten sine eigne ord. Det kan by på augneblikk av både fagleg undring og innvendig latter, som når pasienten seier:

«Eg ha so ilt i heradn, itte at eg sklei pao ei svedlekula pao veg te jobb.»
Hera...kva for noko? Ikkje godt å vita at det er skulder! Svedlekula? Jau, det var glatta.

Og lista over kroppsdelar er eit kapittel for seg. Her kan folk ha ilt i «åkledn» (anklane), «njjådni» (hoftene), «fåabaddladn» (rumpeballane) og «knitti» (knea),

og alt dette seier dei medan dei står der i labba og brok, heilt uanfakta av at den stakkars radiografen står der som et spørsmålsteikn. Disse augneblinka fulle

av dialektar og små språksmellar er også ein del av arbeidskvardagen vår.

Kva er det beste med å jobbe i vår avdeling?

Utan tvil det gode miljøet! På ei lita avdeling blir me godt kjende med kvarandre, og humoren og samhaldet gjer kvardagen ekstra triveleg. Me gir og delar av oss sjølve, me er som ein liten familie på godt og vondt.

Pauserommet vårt er eit naturleg samlingspunkt, og eit lite stykke paradys for alle med søtsug. Der er det som regel (eigentleg alltid) sjokolade, kaker og latter. Hjå oss er me ikkje særleg sjølvhøgtidlege av oss. Her snakkar me ope om det meste. Når sant skal seies, så er den rause sjokoladetilgangen eit heilt nødvendig tiltak for å halde PMS-nivået på eit akseptabelt nivå i ei avdeling med flest damer. Stakkars hanane i flokken, men dei har for lengst lært å leva med oss, og ser ut til å ha det ganske fint dei òg.

Når nokon har bursdag, vert det laga bursdagskort med bilete og tekst som passar til den einskilde. Me har til og med vårt eige tippelag, som bidreg med både spenning og fellesskap i kvardagen.

No når jula nærmar seg, har den heimelaga julekalenderen allereie funne sin faste plass på veggen, laga av dei kreative sjelene i avdelinga. Snart er det også tid for den årlege julelunsjen, der alle tek med noko godt. Det er ein tradisjon me alltid gler oss til, og som gir ein ekstra fin avslutning på året som er gått.

post@holdpusten.no

Disse har vært:

St. Olavs Hospital, UNN, Haukeland universitetssjukehus, Helse Førde, Helse Fonna, Haugesund, Stavanger universitetssjukehus, Rikshospitalet, Kristiansand sykehus, Hammerfest sykehus, Kiropraktoren AS på Voss, Voss sjukehus, Mosjøen sykehus, Sandnessjøen sykehus, Molde sykehus, Kirkenes sykehus, Tønsberg og Larvik sykehus, Drammen sykehus, Bærum sykehus, Kristiansund sykehus, Fredrikstad sykehus, Moss sykehus, Ahus, Kongsvinger sykehus, Tynset sykehus, Ålesund sjukehus, Volda sjukehus, Nordlandssykehuset Vesterålen, Feiringklinikken, traumeteamet ved Ullevål, Curato Oslo City, Unilabs Bryn, Helgelandssykehuset Mo i Rana, Sykehuset Namsos, Diakonhjemmet Sykehus, OUS Aker, Hallingdal sjukestugu, Ringerike sykehus, Kongsberg sykehus, Arendal sykehus, Röntgenklinikken Norrköping, Nordlandssykehuset Bodø, radiografutdanningen ved NTNU Gjøvik, Haraldsplass Diakonale Sykehus, Lovisenberg Diakonale Sykehus, Sykehuset Telemark HF, Sykehuset Levanger, radiografutdanningen ved NTNU Trondheim, masterutdanningen ved Institutt for optometri, radiografi og lysdesign ved USN, DSA, Anicura Jeløy Dyresykehus, Enhet for nukleærmedisin, Bodø, Radiologisk enhet Lofoten, radiografutdanningen ved Universitetet i Tromsø, Sykehusinnkjøp HF, og Bryst- og endokrinkirurgisk avdeling i Tromsø, Orkdal sjukehus, Hamar sykehus, Sykehuset Innlandet Elverum, Sykehuset Innlandet Gjøvik, Strålelenheten Sykehuset Innlandet Gjøvik, BDS Haukeland, radiografutdanningen ved HVL, Skadepoliklinikken i Bergen, DMS Sør-Helgeland, Stord sjukehus, Stråleterapiseksjonen ved Ålesund sjukehus, UNN/Longyearbyen, Distriktsmedisinsk senter på Finnsnes, Harstad sykehus, stråleterapeutene som arbeider med brakyterapi på Radiumhospitalet, radiografene på barnerøntgen ved Haukeland universitetssjukehus, Betanien sykehus i Bergen, Radiumhospitalet, Kysthospitalet i Hagevik, Evidia Stavanger og Flekkefjord sykehus.